

Eg veit ikkje kvifor dette ikkje er registret i tråd med tinglyste teikningar. Kan det har vore utført retting før her? Dessverre er vekomande som har seksjonert dette bygget ikkje «i blant oss» lenger.

Sjå vedlagte 3 matrikkelrapportar som seier kva som er registrert på dei 3 byningskroppane i matrikkelen.

Bruksareala (BRA) og tal rom er dessverre registrert feil for samtlige 20 seksjonar. Dette kan/ skal kommunen retta opp i matrikkelen. Sjå også oversikt i vedlegg.

Vedlegg a: her er andelane noko feil. Det må vera ein feil i ny andel for snr 17, som vel skal auka frå 92 til 114?. Her avvik summane av ny og gammal teljar med 23/1784.

Ut i frå dette eg har peika på her, ber eg deko å sjå på denne innsende søknaden om reseksjonering, på nytt. Dersom ikkje adressene er tatt i bruk på anna måte enn det som går fram av kart og matrikkel, så skal det vel ikkje gjerast endringar med byte av seksjonsnummer?

Då er det eventuelt berre retting av andelar som skal utførast, og innsending av nye byggteikningar, samt at kommunen skal retta BRA og tal rom i matrikkelen.

Eg ber om at de kjem med tilbakemelding og eventuelt sender inn retta søknad, dersom de finn at de eg har notert meg i denne saka kan stemma.

(søknaden her ein feil signatur, men er eller ok. Vedlegg 3 og 4 til søknaden må rettast.)

Saka avventar tilbakemelding frå dykk. (Frist for retting er 3 veker)

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Oversikt seksjonar 6-17-GBNR 137-779

Bygg A Matrikkelrapport

Bygg B Matrikkelrapport

Bygg C Matrikkelrapport

Mottakarar:

Markhus Bolig AS v/Monica Helene

Mottakarar:
Hansen